

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 06.12.2018

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Endringsforslag
Klimaplanen sitt handlingsprogram 2019

1.Tiltak 1.2 Miljøstyring av Hordaland fylkeskommune
Punkt 8: Redusere utbetaling til godtgjørelse av fossil kjøring.

Forslag:
Punktet utgår

2.Areal og transport (side 210)

Forslag:
Strategi A:
Punkt 1 og 2, ordet "skal" endres til "bør".

3.Retrningslinjer for planlegging:

Forslag:
Punkt 1 og 3, ordet "skal" endres til "bør"

4.Strategi C: Avgrense biltrafikk (side 210)

Punkt 9. Innføring av differensierte bompenger i og kring Bergen i høve:
- Rushtid
- Miljøutslepp
- Tal i passasjerer i bilen

Punkt 10. Reduksjon i tallet på offentlige og private langtids-parkeringsplasser i sentrale deler av Bergen.

Forslag:
Punktene utgår

5.Tiltak 5.6 Miljødifferensierte bompenger

Forslag:
Avsnittet utgår»

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, Sp, Krf og SV fram slikt forslag:

Tillegg.

1. Fylkestinget syner til målsetting om satsing på produksjon og bruk av fornybar energi som Biogass og vil styrkja satsinga på dette området i handlingsprogrammet.
2. Fylkestinget ser det som svært viktig at Vestland fylkeskommune utarbeider ein strategi for bioøkonomi og sirkulærøkonomi/gjenbruksøkonomi.

Innstillinga frå utval for miljø og samferdsel vart lagt til grunn for røystinga.

Røysting

Søviknes sitt forslag pkt.1 til pkt.3 fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Søviknes sitt forslag pkt.4 og pkt.5 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga pkt. 1, 2 og 3 fekk 13 røyster (A, Sp, Krf, SV, V, H) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga pkt.4 og 5 vart vedteken med 10 røyster (A, Sp, Krf, SV, V) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

Kvamme sitt forslag vart vedteke med 10 røyster (A, Sp, Krf, SV, V) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2019 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2019 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2019. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
3. Særleg fokus i 2019 vil vere arbeid for eit felles miljøstyringssystem med Sogn og Fjordane fylkeskommune.
4. Fylkestinget ber administrasjonen vurdere et krav til bruk av en viss andel resirkulerte materialer i alle offentlige byggeprosjekter.
5. Fylkestinget ber om at det vert lagt fram en utredning/sak om hvordan det offentlige som leietaker kan stille krav om minst energiklasse A i alle nye leiekontrakter.
6. Fylkestinget syner til målsetting om satsing på produksjon og bruk av fornybar energi som Biogass og vil styrkja satsinga på dette området i handlingsprogrammet.
7. Fylkestinget ser det som svært viktig at Vestland fylkeskommune utarbeider ein strategi for bioøkonomi og sirkulærøkonomi/gjenbruksøkonomi.